



Kristian Bringedal: - 2008 har vore eit godt år for Uskedalen Utvikling. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Det har vore eit aktivt og godt år i Uskedalen Utvikling, Bygdeutviklingsprosjektet og Dialogforumet. Prosjektleiari Kristian Bringedal slår dette fast foran årsskiftet.

- Vi har hatt mange gode drøftingar og fått gjort mykje positivt arbeid for bygda, seier Bringedal og held fram:

- Bygdeutvikling er å stå saman i arbeidet mot eit felles mål: Å utvikla og profilera Uskedalen i kommunen og regionen.

Bygdeutvikling handlar i stor grad om positive haldningar, å gje folk tru på sitt eige, lyst og pågangsmot til å prøva ut og igangsetja tiltak.

Så møtest vi til nye drøftingar i det nye året.

Det vil truleg vera rett å finna balansen mellom det å få gjort noko med alt eksisterande tiltak og innsendte framlegg og det å skapa nye.

Vi har mange ballar i lufta. Det er tid å prøva å ta nokre ned.

Samstundes er vi takksame for alle 'drivarane' - dei som ser fram og har visjonane og ideane. seier Kristian Bringedal.

Av Ola Matti Mathisen